

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
115/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
086/19	Kommunestyret	PS	12.12.2019
004/19	Eldrerådet	PS	05.12.2019
013/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	05.12.2019
019/19	Arbeidsmiljøutvalet	PS	09.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/495

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Vedlegg:

[Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 \(Feil på tabell\)](#)

[Kutt i budsjett 2020 - uttale frå Fagforbundet v/HTV](#)

[Kutt i budsjett 2020 og nedbemannning i barnehagane i Austrheim Kommune](#)

[Innspel frå NSF ved Unn Iren Martinsen Tangedal](#)

[Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel barnehage](#)

[Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel skule](#)

[Konkrete framlegg til innsparinger/inntektsauke Austrheim sokn](#)

[Taloversyn - Budsjett 2019 - økonomiplan 2019-2023](#)

[Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 \(PDF\)](#)

[Innspel om Budsjettkutt - uttale frå FAU/SU Kaland barnehage](#)

[Innspel om flytting av 8. klasse ved Kaland ungdomsskule frå FAU Kaland](#)

[Rådmannen sitt budsjetttskriv 08.11.2019](#)

[Busstransport for dei som jobbar på Aufera - Budsjettsak](#)

[Epost_oversendelse_notat](#)

[Merknad1_RMNF_Sak_og_budsjettinnspel_busstransport_aufera_rmnf](#)

[Sak_og_budsjettinnspel_busstransport_aufera_rmnf](#)

[Vedlegg - Dokument-ID 196313 Budsjett 2020](#)

[Austrheim ungdomsråd - innspel til budsjettet for 2020](#)

[Budsjett 2020 - Appell frå barn og unges representant i Austrheim kommune](#)

[Styret og leiar for Austrheim ungdomsråd - innspel til Budsjett for 2020](#)

[Oppdatert taloversyn - Budsjett 2019 - økonomiplan 2019-2023](#)

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 115/19

FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om budsjettering for havbruksfondet at det er likt andre kommunar å budsjettera på denne måten, det er lagt inn 5 millionar anna kvart år og 440.000 det andre året.

Lerøy etterlyste midlar i post 18007 - skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Økonomisjef Olav B. Andersen og rådmann Liv Løvvik svara at det er sagt frå Fylkesmannen at det ikkje er sikkert at det kjem midlar her, og rådmannen ønskjer ikkje å budsjettera med midlar som ein ikkje er sikker på.

Lerøy la til at dette var eit skjønn som kommunen fekk på grunn av at småkommunetilskotet vart halvert, og der fekk ein to millionar kroner ekstra for å kompensera litt av dette.

Ordførar Lerøy viste til at utbyttet frå BKK nok vil enda rundt 2 millionar kroner.

Ordførar Lerøy etterlyste at heile inntektsveksten frå VA er teke med i budsjettet, og meiner at kommunen sine eigne utgifter til renter og avdrag ikkje skal auka i samband med dette. Må ta kostnadene ved VA-investeringar over på brukarane av desse tenestene, så snart arbeidet er gjort.

Økonomisjef Andersen lova å sjekka dette med VA-utgifter innan kommunestyret 12/12.

Økonomisjef Andersen sa at kommunen har fastrente, med renter på under 2 prosent. Om ein no skal binda igjen er det på høgare renter. Austrheim har treft godt med rentebinding tidlegare, på 1,7 og 1,9 prosent. Ein halv prosent auke i rente gjev ein million kroner i årlege renteutgifter.

Rådmann Løvvik sa at ein må vurdera dette med fastrente nøyne, det er ulike prognosar for kva som er lurt å gjera.

Økonomisjef Andersen viste til at for økonomiplanperioden så skal ein ned sytten millionar dei kommande fire åra, og det er sett opp ein del kutt dei tre siste åra i perioden. Rådmannen har lagt opp til 4,9 millionar i årleg overskot for å nå minstekravet på 1,75 prosent i resultat.

Løvvik viste til at dette er minstekravet for overskot, og særleg viktig for Austrheim som ikkje har særlege fondsmidlar å tæra på.

Ordførar Lerøy støtta rådmannen i at det er viktig for kommunen å ha fond i bakhand, når ein til dømes frå Havbruksfondet har inntekter annakvart år. Lerøy la til at det kan verta endringar på statlege rammer, for det er så mange fylke og kommunar som slit.

Varaordførar Inger Lise Brekke sa at ho ikkje trur det vert romslegare for kommunane framover, når ein ser situasjonen heile landet under eitt. Må avgrensa kva kommunen skal beskjeftiga seg med, og planlegga med at det vert stramt. Uansett kva regjering det er som styrer, så er det for store utgifter på statleg nivå, anten det er uføre eller sjukepengar. Dagens nivå er ikkje berekraftig.

Løvvik sa om lærlingar at kostnaden varierer, etter kvart som læringane er komne lengre løpet så kostar meir. Om barnevernet sa Løvvik at ein ønskjer å redusera kostnadene vert å få til betre tiltak. Må klara å unngå eineplasseringar, som er veldig kostbare og heller ikkje heldig for barnet som har dette tilbodet. Barnevernet skal i samarbeid med Alver, men viktig at eit samarbeid som dette er sjølvfinansierande og ikkje bidreg til å finansiera tenesta hjå vertskommunen.

Ordførar Lerøy etterlyste ei grundig orientering om kva som har skjedd i barnevernet i Austrheim, kva har skjedd dei siste åra, og kva ser ein for seg vidare. Lerøy viste til at han hadde snakka med ordførarane i Masfjorden og Gulen, som har fått gode tilbakemeldingar på tenestene i eit tilsyn frå Fylkesmannen, men kritikk for at politikarane ikkje visste nok om korleis tenestene fungerer.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at dersom ein kjem i posisjon til å starta samarbeid med Alver så må det opp som sak i kommunestyret i desember, og då kan det vera naturleg å ta ei orientering om arbeidet i barnevernet.

Rådmann Løvvik sa at Austrheim ønskjer å reforhandla gjesteelev-avtalen med Lindås kommune. Denne er frå 90-talet, og gjev 25.000 kroner til Austrheim per elev, medan sum etter ein ordinær avtale er 100.000 kroner. Dersom ein kjem opp i sjølvfinansiering er det oppunder 1 million i ekstra inntekt berre frå andre halvår 2020.

Om klasseflytting sa ordførar Lerøy at det å flytta åttande trinn frå Kaland til Årås verkar som ein start på flytting av ungdomstrinnet til Årås, utan at det er gjort vedtak om dette. Ei slik flytting kan få mykje motstand.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at han ser at det kan bli problematisk. Administrasjonen legg dette fram, men så kan politikarane kan be om at dette vert utgreidd nærmare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han nok ville gå for rådmannens framlegg, men er samstundes samd med ordførar Lerøy i at det må startast eit større arbeid, og der bør ein seia at hausten 2021 skal ein ha ein felles ungdomsskule i Austrheim.

Morten Sognnes (H) sa at han ser at utdanningsforbundet vil ha fådelt skule for desse, på Kaland. Sognnes sa at med ein ny avtale med Alver kan ein få auka inntekter for desse gjeste-elevane på Kaland, det får ein ikkje ved ei flytting til Årås, for då vert ikkje desse elevane med. Sognnes sa vidare at med ei flytting til Årås så kan ein risikera at også Kaland-elevar vil söka seg til Lindås ungdomsskule.

Olav Mongstad sa at dersom ein ikkje flyttar elevane i 8. klasse frå Kaland til Årås, og slår saman 8. og 9. på Kaland til fådelt klasse, så vil det bety at ein brukar 40 prosent meir lærarressurs enn om ein flyttar desse elevane til Årås. Mongstad viste tal for elevutviklinga framover (ligg ved).

Inger Lise Brekke (H) sa at ho var skeptisk til fådelt skule, når undervisninga skal vera individuelt tilrettelagt for den enkelte eleven. Dette er veldig krevjande å få til.

Olav Mongstad sa at det er utvikla ein eigen pedagogikk får fådelt skule der ein vekslar mellom årsplanane på kvar ein hentar stoffet sitt. Det er problematisk i matematikk, der det er strengare krav til progresjon, men greitt i fag som norsk og samfunnsfag.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er ein ting er å gjera noko akutt no, men det kan ikkje legga føringar på korleis ein kan løysa dette vidare.

Rådmann Løvvik viste til at det pågår ein prosess med å tilsetja ny leiar for oppvekst og kultur, og

dette med å samla ungdomsskulane er det første som denne må ta fatt i. Men det å samla klassane på alle ungdomsskuletrinn til ein klasse er det ikkje mogleg å gjera, sidan det er for mange elevar til å ha ein klasse.

Ordførar Per Lerøy sa at det ikkje er tilstrekkeleg at det vert sagt i møtet at dette ikkje er første del av ei flytting til Årås. Rådmannen eller kanskje heile formannskapet må møta foreldre i Kaland-krinsen om dette, og få ut informasjonen.

Ønsket frå Ap/H er å samla ungdomsskulen på ein skule, men også samla mellomtrinnet. Ein vil starta arbeidet med å visa korleis dette kan gjerast, sjå på kostnader til investeringar med meir, og ha det klart slik at det kan settast i verk frå skuleåret 2020/2021.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd i at det må skje noko. Ikkje fleire nemnde, rådmannsgruppa må berre setta i gang!

Lerøy presiserte at dette måtte vera ei rein administrativ gruppe, utan politiske medlemmer.

Olav Mongstad sa at gjesteelev-avtalen med Lindås har seks månaders oppseing, og skal ein seia den opp så må det skje etter politisk vedtak.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må ta med i budsjettvedtaket at ein skal seia opp avtalen for reforhandling.

Per Lerøy (Ap) sa at målet må vera at ein skal komma i mål med denne avtalen, det er viktig for miljøet på Kaland at elevane frå Åsheim-krinsen går der.

Rådmann Løvvik sa at Austrheim vil tapa 25.000 kroner x 31 elevar = 775.000 kroner om ein misser alle desse Kaland-elevane til Lindås (elevane frå Åsheim-krinsen).

Inger Lise Brekke (H) sa om skule at ein ser frå andre kommunar at det er god effekt med å tilsetta ein miljøarbeidar, som jobbar med andre ting enn det faglege, som skolemiljøet med meir. Det er ikkje lovpålagt, men likevel ei styrking av det arbeidet som skulen gjer.

Rådmann Løvvik svara at det kan ein gjera, men det kan ikkje erstatta det faglege.

Ordførar Lerøy etterlyste informasjon ut om at Anita Soltveit er folkehelsekoordinator i Austrheim kommune. Møtesekretären tok på seg å informera.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme sa om kutt i arbeids- og opplæringssenteret, at her er det eigentleg ikkje kutta men det er lønna som er flytta over til Vestlia. Tilsette i Vestlia følgjer med opp på arbeidssenteret.

Ordførar Lerøy sa om startlånordninga at kommunen må nytta dei ordningane som Husbanken, har til å hjelpe familiar til å kjøpa eigen heim. Til dømes ved å bruka 50 års nedbetalingstid og liknande.

Om Nordliheimen sa økonomisjef Olav B. Andersen at det er ein større auke i budsjettet, men det var budsjettet feil i 2019 og dette er ei korrigering av dette. Dette er ei justering opp til det ein reelt sett brukar.

Om interkommunalt landbrukskontor sa Olav Mongstad at ein tek sikte på å gå inn i Alver, med ei bemanning tilsvarande i dag.

Om vatn, avløp og renovasjon sa økonomisjef Olav B. Andersen at ein skal sjå nærare på dette med at inntektene skal dekka auka utgifter til investeringar.

Om befolningsvekst sa økonomisjef Olav B. Andersen at ein reknar 35.000 per person i inntektsvekst per nye innbyggjar.

Økonomisjef Olav B. Andersen sa om økonomiplanen at det ligg uspesifiserte nedtrekk for åra vidare, i 2021, 2022 og 2023.

Helge Dyrkolbotn (KrF) la fram eit framlegg med innføring av eigedomsskatt (Vedlegget ligg ved For 2020 er det sett opp korleis dei ekstra midlane skal fordelast. Dyrkolbotn sa at det er drastisk å kutta så mykje i ungdomstilbodet. Dette tilbodet er med på å gjera det attraktivt å flytta til Austrheim. Ein har bygd opp eit ungdomsklubbtibod, og har lag og organisasjonar som driv godt. For KrF er det viktig å gje ein grunn til å bu her, det må vera attraktivt. I KrF sitt framlegg er eigedomsskatten lagt inn med auke ein promille årleg opp til høgaste promille. Dyrkolbotn sa vidare at dersom ein spør folk i Austrheim om dei vil vera med på spleiselag for dette, så seier dei ja. Andre kommunar har brukte eigedomsskatten til å komma seg ut av Robek, og klart å fjerna den etterpå. Det er upopulært, men KrF skal klara å stå i dette.

Økonomisjef Olav B. Andersen gjekk gjennom investeringsbudsjettet.

Morten Sognnes (H) etterlyste om det er noko innsparing frå investeringane, til dømes innan omsorgsteknologi.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme svara at det vil gå mange år før ein ser noko effekt av dette på stillingar. Noko av investeringane er frå fornying av ringeanlegget på Nordliheimen, det må ordnast uansett.

Inger Lise Brekke (H) spurte om investering til steinalderuplass, kan ein skyva vidare på dette? Dette er spørsmål om prioritering, er skeptisk til at ein får effekt av dette på besøkstal med meir.

Assisterande rådmann Olav Mongstad svara at fylket har gitt 400.000 kroner og riksantikvaren 270.000 kroner, som ein har fått utsett bruken av til 2020. Det er sagt at dette skal vera eit fyrtårnprosjekt, og ein vil knyta det opp i biosfæreprosjektet i Nordhordland. Korleis kan ein gjera ting i Fosnstraumen for å tilretteleggja, for fridykking, fiske, kanskje med å laga ei gangbru og amfi? Om me ikkje startar arbeidet i 2020 så har me ikkje midlar til dette. Mongstad sa vidare at Austrheim skal i møte med fylket og andre i prosjektet i desember.

Ordførar Lerøy viste at det står nesten 700.000 kroner som ein ikkje får om det ikkje skjer noko med prosjektet. Kanskje kan ein få biosfæreprosjektet til å ta noko av denne kostnaden, for å bruka prosjektet til å fortelja historia om regionen frå steinalder til oljealder? Lerøy vil la denne posten stå inntil vidare.

Helge Dyrkolbotn sa at det er fornuftig å halda på dette vidare, for å sjå om regionen/biosfæreprosjektet kan ta noko av kostnaden, og prøva å få midlar ekstern i Europa.

Olav Mongstad sa at dette er ein kommunal eigendel, og så kan ein søka om ulike midlar i tilskot for å realisera dette.

Rådmann Løvvik sa at ein kan bruka prosjektet til å skapa ein reiselivsdestinasjon, med ei historie som er litt annleis. Biosfære handlar om berekraft, det er mange opptekne av i dag. Trur at biosfære kan vera ein sjanse til å fortelja ei anna historie enn det alle andre kan fortelja. Oppfordrar til å leita

opp Aftenposten Innsikt sin omtale av dette.

Ordførar Lerøy sa at ein kan gje prosjektet tid fram til kommunestyret 12. desember.

Avrøysting:

To røyster for KrF sitt framlegg om eigedomsskatt (Helge Dyrkolbotn, KrF, og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Sp). Framlegget fall. Teksten var slik:

Framlegg frå Austrheim KrF Sak 115/19 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Austrheim kommune innfører eigedomsskatt frå og med år 2020 til og med 2023

Dette vil gje følgande auke i frie disponibele inntekter (ca tal):

2020	2021	2022	2023	totalt
2 mill	4 mill	6 mill	8 mill	20 mill

Dei ekstra inntektene vert fordelt slik for 2020:

	2020
Kulturmidlar/anna kultur	200.000
Skyss til Aufera	400.000
Kulturskulen	250.000
Austrheim sokn	300.000
Auka ressurser oppvekstsektoren	500.000
Ungdomsrådet	50.000
Disp.fond	350.000

Samrøystes for Ap/Høgre sitt framlegg om skulen, som går inn som verbalpunkt nummer 12 i budsjettvedtaket som er sendt vidare til kommunestyret. Teksten er slik:

Kommunestyret ber om at rådmannen gjer følgjande utgreiingar i 2020:

Kostnadane og faglege effektar av å samla ungdomstrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadane og driftskostnadane gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kostnadane og faglege effektar av å samla mellomtrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadane og driftskostnadane gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kommunestyret ber om klare råd om korleis skulestrukturen i kommunen skal vera i framtida. Målet må vera at ein kan få på plass ein ny skulestruktur frå skuleåret 2021/2022.

Kommunestyret ber også rådmannen om å starta drøftingar med Alver kommune om godt gjersle for elevar frå Åsheim-krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule.

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg (men ordførar Per Lerøy presiserte at ein kan komma tilbake til summar og verbalpunkt når budsjettsaka skal opp i kommunestyret).

Handsaming i formannskapet:

To av tre for KrF sitt framlegg om eigedomsskatt (støtte frå Helge Dyrkolbotn, KrF, og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Sp)

Samrøystes for Ap/Høgre sitt tilleggsframlegg om skule.
Samrøystes for rådmannens framlegg.

FS - vedtak:

1. Budsjett 2020 – Økonomiplan 2020-2023, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde åra:

Rammeområde	2020	2021	2022	2023
Ansvar				

2. Total ramme for 2020 til fordeling drift vert kr. 200 307 000,- . Rådmannen har mynde til å tildele til dei ulike ansvarsområda innanfor denne ramma.

3. Den totale investeringsramma for år 2020 vert sett til 19 400 000 kr:

Føremål	Kostnad
Låneautomat bibliotek	100 000
Fagfornying skulane PC småskuletrinn	500 000
IKT skulane	150 000
IKT barnehagane	100 000
Kaland 1 skulekjøkken	100 000
Omsorgsteknologi	1 000 000
Steinalderbuplassen Fosnstraumen	200 000
Tiltak i landbruket	300 000
VA-investeringar	15 000 000
IKT kommunen	150 000
IKT felles i kommunen	400 000
Byggutbetring	500 000
Kyrkja – utbetring	700 000
Digitalisering/ombygging i Servicekontoret	200 000
	19 400 000

Den totale investeringsramma for 2020 vert finansiert slik:

Ordinært låneopptak 8,4 mill

Overføre førre år 8,5 mill

Sal av eiged. 2,5 mill

Prosjekt som vart vedteke for 2019 og ikkje er avslutta, vert vidareført innanfor vedteken ramme slik det vart finansiert i 2019.

Vekta avdragstid på låneopptak for 2020 vert fastsett til 30 år.

4. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 11.04.2019 i K-sak 017/19.

5. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversikter, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.

6. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd.

7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jf. esktl. § 10.

8. Kommunen vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

9. Kommunen vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.

10. Eigedomsskatten vert skriven ut i 2 terminar jf. esktl. § 25 første ledd. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

11. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2020. Kommunestyret ber om at rådmannen gjer følgjande utgreiingar i 2020:

Kostnadar og faglege effektar av å samla ungdomstrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kostnadar og faglege effektar av å samla mellomtrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kommunestyret ber om klare råd om korleis skulestrukturen i kommunen skal vera i framtida. Målet må vera at ein kan få på plass ein ny skulestruktur frå skuleåret 2021/2022.

Kommunestyret ber også rådmannen om å starta drøftingar med Alver kommune om godtgjersle for elevar frå Åsheim-krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule.

Eldrerådet - 004/19

ER - behandling:

Økonomisjef Olav B. Andersen orienterte om budsjettet for 2020 (lysark ligg ved).

Rammetilskotet har gått ned, mellom anna i samband med at tidlegare øyremerka tilskot går inn i ramma utan at ramma vert fullt ut auka tilsvarande, og ved at småkommunetilskotet er kutta utan kompensasjon.

Skatteinngangen er god, mellom anna etter stor aktivitet hjå Equinor Mongstad i haust, men noko av dette kan gå til andre kommunar som følgje av at ein kjem over grensa for inntektsutjamning.

Kommunen har fastrente på ein del av gjelda no, og ventar med å binda meir. Skulle renta gå opp vil kommunen få ein million ekstra i utgifter per halve prosent som renta stig. Samstundes som høgare rente gjev auka utgifter på lån, gjev det også lågare pensjonsutgifter sidan KLP får betre avkasting av midlane sine.

Liv Løvvik sa at kommunen vil venta no med å binda meir av renta, sidan det er stor usikkerheit om korleis renta vil bevega seg dei nærmaste åra.

Olav B. Andersen tok ein gjennomgang av dei ulike postane i 2020-budsjettet.

Solbjørg Sætre spurte kva som gjekk på posten for vaksenopplæring, om dette var noko som gjekk på eldre.

Monika Kvamme svara at midlar under denne posten gjekk til ulike opplæringsføremål, men ikkje mot eldre. Posten omfattar mellom anna også tilrettelagt undervisning for yngre.

Om investeringar sa Olav B. Andersen at dei største postane var til investeringar i vatn og avlaup, der dette vert dekka inn gjennom auke i til dei tilhøyrande gebyra.

Monika Kvamme sa at det skal investerast ein million i 2020 til nytt alarmanlegg på Nordliheimen, dagens anlegg er så gammalt at ein ikkje får delar til det lengre.

Olav B. Andersen sa at talbudsjettet er sendt også til Fylkesmannen, som vil ta ein gjennomgang før budsjettmøtet i kommunestyret 12. desember.

Solbjørg Sætre spurte kva kommunen ønskjer å selja. Liv Løvvik svara at det ikkje er avgjort kva areal som vert selt i 2020, men ein jobbar med fleire aktuelle objekt.

Rådmann Liv Løvvik viste ei orientering om den økonomiske utviklinga for kommunen framover (lysarka ligg ved).

Den store investeringa i 2020 er VA. Kommunen har høg gjeld, og ligg over både kommunegruppe 2 (som det er mest naturleg å samanlikna seg), og snitt i landet for gjeld per innbyggjar.

Utviklinga vidare er at Austrheim taper på kutt i det kommunale skatteøret, taper på høg lønsvekst sidan lønsandelen av utgiftene er høgare enn snittet, og taper på at rammeoverføringa ikkje vert auka tilsvarande prisveksten. Ser også at i dei interkommunale samarbeida så er det ofte ein høgare vekst enn i eigne tenester. Må jobba med å bygga disposisjonsfond, skulle hatt eit fond på 30 millionar. Framover er det utfordrande med at det er færre born enn tidlegare.

Monika Kvamme sa om den demografiske utviklinga at det vert fleire rullatorar enn barnevogner.

Fleire må bu heime lengre, og sjukeheimen vert berre for demente og dei som er alvorleg sjuke. Det inneber at fleire må sjå på sin eigen bustad og legga til rette for at dei kan bu heime lengre.

Kommunen må setja seg ned med organisasjonane for dei eldre og sjå på kva som er utfordringane og moglegheitene i Austrheim. Må også sjå på kvar det er folk ønskjer å busetja seg, då ein ser at mange ønskjer å bu nære ulike servicetilbod.

Liv Ulvøy sa at dette er noko kommunen må ut og informera meir om, tidlegare har kommunen hatt vaktmester som har vore ute og hjelpt til med å fjerna dørstokkar, men dette er det ikkje midlar til i dag.

Liv Løvvik avslutta med å visa til at det er strammare utsikter framover, der 2020 er det beste året i økonomiplanperioden, med mest pengar til å bruka i drift av dei fire neste åra i perioden. Har samstundes tru på at kommunen skal komma seg ut av Robek-lista.

Arbeidet vidare vert å jobba med omsorgstrappa, og sjå korleis ein kan få på plass gode bustader til eldre som ikkje kan bu heime, men heller ikkje skal på institusjon.

Løvvik viste til den konkrete lista for kutt/inntektsauke for 2020 (Excel, ligg ved).

Skal forhandla med Lindås om ei oppdatering av avtalen og gjesteelevar ved Kaland skule, der Austrheim i dag før 25.000 kroner medan statleg start er 100.000 kroner.

Merethe Rikstad Tresvik sa om gjesteavtalen med Lindås/Alver at ein må unngå at elevane ikkje

lenger får gå på Kaland skule.

Løvvik svara at Lindås/Alver må følgja nærskuleprinsippet, og dersom elevane frå Åsheim-krinsen ikkje skal få gå ved den nærmaste skulen. Austrheim og Lindås/Alver har saman eit ansvar for å halda oppe dette miljøet på Kaland, men Austrheim kan ikkje finansiera dette.

Monika Kvamme sa at ein i 2020 skal i gang med ein god del arbeid der eldrerådet skal involverast, som å skriva ny utgåve av eldremeldinga, ein habiliterings/og rehabiliteringsplan, plan for brukarmedverknad, og opplegg/brosjyre for førebyggande heimebesøk.

ER - vedtak:

Eldrerådet kom ikkje med nokon uttale til budsjettet.

Saksopplysninger: